

## Oppsummering kommunane si evaluering av gjeldande planar.

Midt-Telemark og Vest Telemark har svart regionvis. I tillegg har Bø, Nome, Notodden, Hjartdal, Seljord og Kragerø svart. Svara er drøfta i administrative fora.

### Senterstrukturplan

Nokre meiner planen har liten betydning i praksis – at planen for det meste stadfester fakta og i liten grad styrer utviklinga. Dei fleste som har svart meiner likevel planen har stor betydning, både som grunnlag for kommunal planlegging, for utvikling i tettstadene og ikkje minst når det gjeld enkeltsaker/plansaker.

Målsettingane og strategiane i gjeldande planer vurderast stort sett som gode. Fleire meiner at måla og tilråingane kan vere tydelegare og meir presise – slik vil han kunne bli lettare å bruke, spesielt i enkeltsaker.

I neste planperiode meiner mange at ein bør fokusere meir på andre funksjonar enn handel. Også bustad, næring og tenestetilbod bør tas inn. Samt attraktivitet og bulyst.

### Fylkesvegplan

Alle vurderer fylkesvegplanen som viktig fordi det her blir gjort viktige prioriteringar for infrastrukturen i fylket.

Nokre meiner planen bør ha tydelegare og meir målbare mål. Bækraftomgrepet er lite handterbart og vanskeleg målbart. (kva er eigentleg eit berekraftig transportsystem?)

Dei fleste meiner det er rett å kategorisere vegnettet og å prioritere dei viktigaste vegane. Samstundes må ein ha ein minstestandard på dei øvrige fylkesvegane meiner nokre. Andre forslag er å «utfase» desse som fylkesvegar. Dersom berekraftomgrepet skal tas alvorleg meiner nokre ein må i større grad prioritere gs utbygging i distrikta samt ts og knutepunkt.

Framover bør ein prioritere medvirkning med kommunane i planleggingsfasene. Det er viktig at dei største tiltaka i investeringsprogrammet er definert.

### Kollektivplan

Alle vurderer kollektivplanen som viktig. Gjeldende hovudtrekk i planen vurderes som greie. Framover bør ein fokusere meir på kopling mot jernbane. Samordning mellom senterstruktur, og kollektiv samt trafikktryggleik og skuleskyss kan bli betre. Betre samarbeid om skuleskyss ønskes. Viktige pendlerakser må dekkes, også dei som krysser fylkesgrensa. Det bør vere større fokus på knutepunkt og og ansvarsavklaring omkring kollektivknutepunkt bør avklares.

Kollektivtransport bør vurderes som samfunnsøkonomi, ikkje bedriftsøkonomi. Ferjetrafikken bør omtales.

## Trafikktryggleik

Delte meininger omkring betydninga av gjeldande trafikktryggleiksplan.

Planen har gode mål og tiltak som ein kan slutte seg til. Men snevre målsettinger – ved å fokusere så sterkt på antal drepte.

Folkehelse og trygge skulevegar bør i større grad trekkes fram samt mjuke trafikantar generelt. Det trengs betre strategiar og tiltak for og legge fram meir konkrete tiltak.